

Innkalling

Utval	Stranda kontrollutval
Møtestad	Rådhuset Stranda, møterom f-salen
Dato	01.11.2021
Tidspunkt	kl 16:00

Den som har lovleg forfall eller vil ha vurdert habilitet til ei eller fleire av sakene, må melde frå snarast mogleg til sekretariatet på e-post: post@sksi.no eller på telefon 92611735

Varamedlem møter etter nærare innkalling.

Digitale dokument til møtet finnes på www.kontrollutval.no/stranda

Sakliste

PS 20/21	Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte
MS 01/21	Kommunedirektøren sitt svar på rapport om forvaltningsrevisjon
MS 02/21	Erklæring om revisor sin sjølvstende
PS 21/21	Revisjon- og kommunikasjonsplan 2021
PS 22/21	Forenkla etterlevelseskontroll 2021
PS 23/21	Møteplan 2022 Stranda kontrollutval

Ålesund, 22.10.2021

Helge Kvame
Leiar kontrollutval

Bjørn Tømmerdal
Dagleg leiar

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 20/21	Stranda kontrollutval	01.11.2021

Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte

Tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet godkjenner møtebok frå forrige møte slik den ligg føre.

KONTROLLUTVALET I STRANDA KOMMUNE

MØTEBOK

Møtedato 06.09.2021 kl. 16.00

Møtestad: formannskapssalen, rådhuset

Møtet vart leia av: Helge Kvame

Elles til stades: Eva Rinde Habostad, Per Ingebrigt Karbø, Anne Melgaard Tårn og Vebjørn Skog.

= **5 voterande**

Frå kontrollutvalssekretariatet møtte dagleg leiar Bjørn Tømmerdal.

Frå Møre og Romsdal Revisjon SA møtte oppdragsansvarleg revisor Kathrin Haram og forvaltningsrevisor Lillian Reder Kristoffersen.

Frå administrasjonen møtte rådmann Åse Elin Hole, økonomisjef Andrea Fivelstad og einingsleiar Cato Andersen.

Det var ingen merknader til innkalling og saklista blei godkjent. Kontrollutvalet valde å handsame sak 18/21 etter sak 15/21, deretter sakene 16/21, 17/21 og 19/21.

Stranda kontrollutval



Saksgang: kontrollutvalet
Saks nr.: 15/21

Møtedato: 6. september 2021
Sakshandsamar: Bjørn Tømmerdal

GODKJENNING AV MØTEBOKA FRÅ MØTE I KONTROLLUTVALET 14. JUNI 2021

Sakspapir frå kontrollutvalssekretariatet datert 30. august 2021

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet godkjenner møteboka frå møte 14. juni 2021.

Stranda kontrollutval



Saksgang: kontrollutvalet
Saks nr.: 16/21

Møtedato: 6. september 2021
Sakshandsamar: Bjørn Tømmerdal

MELDINGAR TIL KONTROLLUTVALET

Sakspapir frå kontrollutvalssekretariatet datert 30. august 2021

Melding nr. 1 Varsel om brot på arbeidsmiljøet Frå Jens Vik, leiar UDF Stranda

Melding nr. 2 Oppfølging av kommunestyresaker 2018 -2020 Frå rådmann

Melding nr. 3 Tertialrapport 1. tertial 2021 Frå rådmann

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek meldingane til vitande.

Til melding nr. 2 ønskjer kontrollutvalet å knyte følgande kommentar: kontrollutvalet er etter ein gjennomgang frå rådmannen trygg på at saker til kommunestyret blir sett i verk.

Stranda kontrollutval



Saksgang: kontrollutvalet
Saks nr.: 17/21

Møtedato: 6. september 2021
Sakshandsamar: Bjørn Tømmerdal

ETTERLEVELSESKONTROLL PÅ SJØLVKOSTOMRÅDET VED REVISOR KATHRIN HARAM

Sakspapir frå kontrollutvalssekretariatet datert 30. august 2021

Tilråding frå sekretariatet:

Stranda kontrollutval tek revisjonen sin rapport frå forenkla etterlevingskontroll 2020 til vitande.

Leiar Helge Kvame fremma på vegne av kontrollutvalet eit nytt punkt 2:

Rådmannen klargjorde at indirekte kostnader vert fordelt i tråd med sjølvkostforeskrifta frå 2021.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

1. Stranda kontrollutval tek revisjonen sin rapport frå forenkla etterlevingskontroll 2020 til vitande.
2. Rådmannen klargjorde at indirekte kostnader vert fordelt i tråd med sjølvkostforeskrifta frå 2021.

Stranda kontrollutval



Saksgang: kontrollutvalet
Saks nr.: 18/21

Møtedato: 6. september 2021
Sakshandsamar: Bjørn Tømmerdal

FORVALTNINGSREVISJON «VASS OG AVLØPSSYSTEMET I STRANDA KOMMUNE»

Sakspapir frå kontrollutvalssekretariatet datert 30. august 2021

Tilråding frå sekretariatet:

Kontrollutvalet legg saken frem for Stranda kommunestyre med følgande innstilling til vedtak:

1. Kommunestyret tek forvaltningsrevisjonen om vass og avløpssystemet til vitande.
2. Kommunestyret tilrår rådmann å innarbeide dei anbefalingane som kjem fram i rapporten sitt samandrag «konklusjonar og anbefalingar» for å gjere denne type arbeid betre og sikrare i Stranda kommune.
3. Kommunestyret ber spesielt rådmann sjå til at planane er oppdaterte på korleis kommunen skal levere trygt drikkevatt ved kriser.

Per Ingebrigt Karbø fremma eit nytt punkt 4:

Kommunestyret bed rådmannen om å oppdatere hovudplanen for vassmiljø og avløp.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet legg saken frem for Stranda kommunestyre med følgande innstilling til vedtak:

1. Kommunestyret tek forvaltningsrevisjonen om vass og avløpssystemet til vitande.
2. Kommunestyret tilrår rådmann å innarbeide dei anbefalingane som kjem fram i rapporten sitt samandrag «konklusjonar og anbefalingar» for å gjere denne type arbeid betre og sikrare i Stranda kommune.
3. Kommunestyret ber spesielt rådmann sjå til at planane er oppdaterte på korleis kommunen skal levere trygt drikkevatt ved kriser.
4. Kommunestyret bed rådmannen om å oppdatere hovudplanen for vassmiljø og avløp.



BUDSJETT 2022 STRANDA KONTROLLUTVAL

Sakspapir frå kontrollutvalssekretariatet datert 30. august 2021

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Stranda kontrollutval tilrår ei budsjettramme for kontrollarbeidet 2022 på kr 865.000,- slik:

1. Kurs og reiseaktivitet knytt til opplæring og erfaringsutveksling kr 40.000,-.
2. Kjøp av revisjonstenester frå Møre og Romsdal Revisjon SA kr 825.000,-.
Fordelt på kr 550.000,- til rekneskapsrevisjon/andre tenester og kr 275.000,- til forvaltningsrevisjon/eigarskapskontroll.

Møte var slutt kl. 18.15

Helge Kvame
leiar
(sign.)

Per Ingebrigt Karbø
nestleiar
(sign.)

Eva Rinde Habostad
medlem
(sign.)

Anne Melgaard Tårn
medlem
(sign.)

Vebjørn Skog
medlem
(sign.)

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
MS 01/21	Stranda kontrollutval	01.11.2021

Kommunedirektøren sitt svar på rapport om forvaltningsrevisjon

Tilrådning til vedtak:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Vedlagt er vedtaket frå kommunestyret og kommunedirektøren sitt svar.

Vedlegg

Svar frå kommunedirektør til Stranda kommunestyre

Vedtak Stranda kommunestyre 22.09.2021 sak 071/21 - Forvaltningsrevisjon av vass- og avløpssystemet i Stranda kommune



NOTAT

Til:

Kommunestyret

Frå:

Cato Andersen

Dok.dato: 06.10.2021

Vår Ref: 20/1295-7

SVAR PÅ KOMMUNESTYRESAK KOM-071/21

Kommunestyret har i sak KOM-071/21 punkt 5 bede om at administrasjonene legg fram tidsplan for gjennomføring av punkt som er peika på i forvaltningsrevisjonen av vass- og avløpssystemet i Stranda kommune.

Ein vil vidare i notatet gå gjennom alle anbefalingar i revisjonsrapporten og kome med tidsplan og anna naudsynt informasjon om dei aktuelle punkta.

I punkt to i kommunestyrevedtaket tilrår kommunestyret at anbefalingane i rapporten vert innarbeid hos eininga. Under følger skjematisk kommentar til kvart punkt.

1. Stranda kommune bør utarbeide vedlikehaldsplan for vassforsyningsystema i kommunen og sikre at den blir vedlikeholdt.

- a. Stranda kommune har hatt ein vedlikehaldsplan som har vore eit vedlegg til beredskapsplanen, og den har i så måte blitt revidert ved revidering av beredskapsplanen. Vi ønsker nå å endre dette, slik at vedlikehaldsplan og økonomiplanen til kommunestyret samsvarer betre. Vedlikehaldsplanen vil bli en del av ny hovudplan for vassmiljø og avløp, men vil måtte reviderast kvart år når budsjettet er vedteke. Arbeid med ny hovudplan vil krevje eksterne ressursar, og det er lagt inn midler til dette arbeidet i budsjettforslaget for 2022. Vedlikehaldsplan for 2022 er utarbeida og lagt til grunn for budsjettforslag for 2022.

2. Stranda kommune bør ha rutinar for å sikre at resultat av drikkevassprøver til ei kvar tid blir kunngjort for innbyggjarane på heimesida.

- a. Nytt system er allerie på plass, og ligg tilgjengeleg på kommunens heimesider: <https://www.stranda.kommune.no/tenester/teknisk-brann-og-beredskap/teknisk/vatn-og-avlop/>
Her vil ein finne historikk og alle nye prøveresultat vil bli lagt ut fortløpande. Det er og ei kartløyning som viser prøvetakingspunkt, og dette er ei stor forbetring frå det førre systemet kommunen hadde.

3. Stranda kommune bør ha rutinar for å sikre at planar i internkontrollen blir oppdatert etter planlagt intervall og revidert lovverk på området.

-
- a. Dette innarbeides i årshjulet til eininga, og arbeidet med å oppdatere planar startar omgåande. Det er i hovudsak vedlegg til beredskapsplanen, og skal følgje framdrifta til denne.
-
- 4. Stranda kommune bør sikre årlig oppdatering av beredskapsplan, slik det er sett krav om i planen.**
-
- a. Arbeid med oppdatring av beredskapsplan er i gang, og utkast skal leggst fram for Mattilsynet i møtet med dei 13. oktober. Frist for endeleg plan er 1. november etter avtale med Mattilsynet. Årleg oppdaterting av beredskapsplan vert lagt inn i årshjulet til eininga.
-
- 5. Stranda kommune bør utarbeide plan for beredskapsøvingar for dei tilsette innan vassforsyningssystema og sørge for at dette blir gjort årleg i tråd med plan.**
-
- a. Dette er ei del av beredskapsplanen, og vil innarbeidast i denne. Arbeid er starta, og har same frist som beredskapsplanen.
-
- 6. Stranda kommune bør skrive inn i beredskapsplan for vassverka at kommunen bidrar med bistand til levering av trygt drikkevatt ved kriser, også til innbyggjarar som er abonnentar ved det private vassverket i kommunen.**
-
- a. Det er drikkevassforskrifta si § 11 som omhandlar beredskap. Og det er kvar vassverkseigar som er ansvarleg for si beredskap. Det er ikkje eininga sitt ansvar etter drikkevassforskrifta å ha beredskapsplan for Liabygda vassverk, men vassverket sjølv. Men Stranda kommune har overordna ansvar via anna lovverk, jf. folkehelseloven, forskrift om miljørettet helsevern og helseberedskapsloven. Desse områda er ikkje forvalta av aktuell eining, og skal ikkje belastast over sjølvkost. Vi kan difor ikkje sjå at vi skal inkludere privat vassverk i våre beredskapsplanar. Om Liabygda vassverk ønskjer at vi bidreg i deira beredskap, må dei henvende seg til oss for å avtale dette.
-
- 7. Stranda kommune bør vurdere kva som kan bli gjort med avløpsnettet sin kapasitet for å kunne ta unna den mengde avløpsvatt som passerer gjennom systemet i dag.**
-
- a. Avløpsnettet er dimensjonert for dei mengder spillvatt som kommunen skal ta unna. Det er overvatt (regnvatt, elver, taknedløp etc.) som kjem inn på ledningene som er problemet. Så dette punktet henger sammen med punktet under.
-
- 8. Stranda kommune bør utarbeide ein handlingsplan på korleis overvatt skal handterast i kommunen.**
-
- a. Då store deler av leidningsnettet i alle bygdelag i Stranda kommune vart bygd, hadde kommunen ikkje avløpsreinsing i det heile. Det var difor ikkje behov for både spillvass- og overvassrør, då ein leda alt avløp inn i same ledning. Når kommunen nå har eit avløpsreinseanlegg (Stranda og Geiranger), vert overvatt ei utfordring, både for kapasitet på anlegget og på reell reinseeffekt. Det er hovudsakleg i Stranda tettstad dette er eit stort problem. Utarbeiding av handlingsplan for overvatt bør kome som ei følgje av ny hovudplan for vatt og avløp. Dersom ein skal skillje overvatt frå dagens leidningsnett, vil ein måtte legge nye leidningar i svært mange gatar i Stranda. Dette vil måtte dekkast over sjølvkost, og føre til høgare avgifter for abonnentane. I tillegg vil ein måtte krevje at kvar abonnent skil sitt avløp inne på eigen tomt i tillegg. Dette vil måtte kostast av abonnentane sjølv.
-
- 9. Stranda kommune bør sikre at industribedriftene har betre løysingar for utslepp av organisk avfall.**
-
- a. Eit vesentleg berande punkt her, er at det ikkje er snakk om avfall, men avløp med mykje organisk innhald. Avfall skal ikkje leverast på kommunalt avløp, men

deponerast som avfall. Saken er uansett svært kompleks, og Stranda kommune har jobba med denne utfordringa i mange år. I 2020 var det gjort vedtak i sak MK-023/20 om grenseverdiar for påslipp frå industri, som samsvara med dei verdiar som Stranda reinseanlegg vart dimensjonert etter ved bygging. Vi har arbeida med eksterne konsulentar for å gjere ei belastningsvurdering av tilført avløp på reinseanlegget, basert på dei målingar vi gjer kvar månad. Den førebelse konklusjonen er at belastninga på anlegget vesentleg overstig dei verdiar som er lagt til grunn ved prosjekteringa av anlegget, og at denne overbelastninga i hovudsak skyldast industripåslipp. Resultatet av denne kartlegginga er at Stranda kommune må søkje Statsforvalteren i Møre og Romsdal om utsleppsløyve, og at ein saman med industrien må sjå på kva løysingar som kan være aktuell for å overhalde dei kommande krav frå Statsforvaltaren. Tidsperspektivet på dette arbeidet er ikkje så lett å sjå for seg, men det er satt av midler i driftsbudsjett i 2022 til utvida prøvetaking og kartlegging av påslippet frå industrien. Videre må det vurderes tiltak og evt. utviding av reinseanlegget på Stranda. Statsforvalter er informert om arbeidet, og vi ventar at dei vil gje nokre føringar for kor fort dette arbeidet må gjerast. Men at ein ser for seg 5-7 år før alt er retta opp i er ikkje urealistisk.

I punkt 3 i kommunestyrevedtaket er det peika på at det er særskild viktig å oppdatere planane på korleis kommunen skal levere drikkevann ved kriser. Beredskapsplanen vart sist revidert 05.04.2019. Det er berre i 2020 den ikkje blei revidert, og det er sjølvsagt kritikkverdig. Dette vart også påpeika av Mattilsynet i det årlege tilsynet med dei i 2020, og kommunen har fått frist til 1. november 2021 å ha oppdatert/revidert beredskapsplan. Dette arbeidet er vi i full gang med, og utkast til plan vert lagt frem til Mattilsynet i årleg tilsyn den 14. oktober i år.

I punkt 4 i kommunestyrevedtaket ber ein om at hovudplan for vassmiljø og avløp vert oppdatert. Dette er ei stor oppgåve, og det er lagt inn midlar til dette arbeidet i driftsbudsjettforslag for 2022. Målet er å ha planen klar før budsjettprosessen for 2023 er i gang, slik at hovudplanen kan leggje premissa for vidare vedlikehald og utbygging av VA-sektoren i Stranda kommune.



Stranda kommune

Rådmannen

Saksbehandlar: Bjørn Tømmerdal

Melding om vedtak

Stranda kommune v/ Rådmann
Øyna 13
6201 STRANDA

Vår ref.:
2020001295- 6

Dykkar ref.:

Arkiv:

Dato:
23.09.2021

Vedtak - Forvaltningsrevisjon av vass- og avløpssystemet i Stranda kommune

Det er gjort følgjande vedtak i saka:

22.09.2021 KOMMUNESTYRET 071/21

1. Kommunestyret tek forvaltningsrevisjonen om vass og avløpssystemet til vitande
2. Kommunestyret tilrår rådmann å innarbeide dei anbefalingane som kjem fram i rapporten sitt samandrag «konklusjonar og anbefalingar» for å gjere denne type arbeid betre og sikrare i Stranda kommune.
3. Kommunestyret ber spesielt rådmann sjå til at planane er oppdaterte på korleis kommunen skal levere trygt drikkevatt ved kriser.
4. Kommunestyret bed rådmannen om å oppdatere hovudplanen for vassmiljø og avløp
5. Kommunestyret bed rådmannen legge fram ein tidsplan for gjennomføring av pkt. 2 til 4. Tidsplanen vert framlagt på neste kommunestyre.

Med vennleg helsing
Stranda kommune

Bjørn Tømmerdal
Kommunerevisjonen

Dette brevet er godkjent elektronisk i Stranda kommune og har derfor ikkje signatur.

Kopi til:

Cato Andersen	Øyna 13	6200	STRANDA
Einar Lied		6200	STRANDA
Åse Elin Hole	Øyna 13	6200	STRANDA

Saksframlegg

Saksnr. Utval
MS 02/21 Stranda kontrollutval

Møtedato
01.11.2021

Erklæring om revisor sin sjølvstende

Tilrådning til vedtak:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Vedlegg

Stadfesting av revisor sitt sjølvstende 2021- Stranda kommune

Til Kontrollutvalget i Stranda kommune

Bekreftelse av revisors uavhengighet

I samsvar med forskrift om revisjon § 15, jf. kommuneloven § 24-4, avgir undertegnede oppdragsansvarlig revisor med dette sin egenvurdering av vår uavhengighet til kontrollutvalget. Undertegnede er kjent med at kravet til uavhengighet og objektivitet også gjelder for revisors medarbeidere. I Møre og Romsdal Revisjon SA sine revisjonsplaner inngår en vurdering av uavhengigheten til hver enkelt revisor i virksomhetens revisjonsteam som et eget punkt i revisjonsplanen.

Oppdragsrevisors egenvurdering av kravene

Forskriftskrav	Egenvurdering
1. Krav til revisors uavhengighet, jf forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 16	§ 16. Undertegnede bekrefter at det ikke foreligger spesielle forhold som er egnet til å svekke tilliten til revisorens uavhengighet og objektivitet.
2. Revisors tilknytning til den reviderte virksomheten, jf forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 17	§ 17. Undertegnede bekrefter at revisor ikke har en slik tilknytning til den reviderte eller kontrollerte virksomheten eller virksomhetens ansatte eller tillitsmenn at den er egnet til å svekke revisorens uavhengighet og objektivitet. Heller ikke revisors nærstående har slik tilknytning.
3. Revisors stillinger, verv og tjenester, jf. forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 18	§ 18 a. Undertegnede bekrefter at revisor ikke har andre stillinger i kommunen eller fylkeskommunen
	§ 18 b. Undertegnede bekrefter at revisor ikke har andre stillinger i en virksomhet som kommunen eller fylkeskommunen deltar i, eller er eier av
	§ 18 c. Undertegnede bekrefter at revisor ikke er medlem av styrende organer i virksomhet som kommunen eller fylkeskommunen deltar i eller er eier av, utover at revisors virksomhet utfører revisjon og er organisert som et interkommunalt selskap, samvirkeforetak eller aksjeselskap

MRR

Møre og Romsdal Revisjon SA

	§ 18 d. Undertegnede bekrefter at revisor ikke deltar i, eller har funksjoner i en annen virksomhet, som medfører at revisorens interesser kommer i konflikt med interessene til kommunen eller fylkeskommunen, eller på annen måte er egnet til å svekke tilliten til revisoren
	§ 18 e. Undertegnede bekrefter at revisor ikke utfører rådgivningstjenester eller andre tjenester for kommunen eller fylkeskommunen, som er egnet til å svekke revisorens uavhengighet og objektivitet
	§ 18 f. Undertegnede bekrefter at revisor ikke yter tjenester som hører inn under den reviderte virksomhetens egne ledelses- og kontrolloppgaver
	§ 18 g. Undertegnede bekrefter at revisor ikke opptrer som fullmektig for den reviderte virksomheten, unntatt ved bistand i skattesaker etter domstolsloven § 218.

Ålesund, 15. september 2021

Møre og Romsdal Revisjon SA



Kathrin Haram

oppdragsansvarlig revisor

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 21/21	Stranda kontrollutval	01.11.2021

Revisjon- og kommunikasjonsplan 2021

Tilråding til vedtak:

Stranda kontrollutval tek framlagte revisjon- og kommunikasjonsplan 2021 til vitande

Bakgrunn:

Kontrollutvalet fyller sitt ansvar for å sjå til at revisjonen blir utført på ein forsvarleg måte ved å gjennomføre aktivitetar knytte til oppfølging av revisjonen og revisjonsarbeidet. Dette kan omfatte:

- revisor si uavhengigerklæring
- kvalitetskontrollar hjå revisor
- avtalar mellom kontrollutval og revisor
- engasjementsbrev for revisjonsoppdraget
- strategi og plan for revisjonen, og risikovurderingar
- revisjonsrapportar (interim og etterlevelseskontroll)
- nummererte brev

Vurdering:

Det er eit krav at revisor skal utarbeide ein plan for korleis revisjonen skal gjennomførast. Revisjonsplanen byggjer på ein overordna revisjonsstrategi som skildrar føremål og omfang på revisjonen, når revisjonen skal utførast og kva angrepsvinkel den skal ha.

Revisjonsplanen og strategien skal byggje på ei risiko- og vesentlegvurdering. Det er mange forhold som inngår i denne vurderinga, mellom anna endringar i oppgåver, tenester og organisering i kommunen, og om eit område har blitt revidert tidlegare år.

Planen vil mellom anna omfatte dei rekneskapsområda og rekneskapspostane som vil inngå i den årlege revisjonen. Einskilde område vil som regel inngå i revisjonsplanen kvart år. Dette gjeld til dømes store inntekts- og utgiftspostar som skattar, rammetilskot, løn og innkjøp.

Vidare skildrar revisjonsplanen kva revisjonshandlingar revisor skal utføre innan dei einskilde områda, og tidspunkt for gjennomføring.

For rekneskapsåret 2020 valde revisjonen i samråd med kontrollutvalet å sjå nærare på budsjettjusteringer, økonomi og finansreglement, minimumsavdrag og IT sikkerheit.

For rekneskapsåret 2021 har revisjonen gjort ein risikovurdering innanfor rekneskapsrapportering, overføringsområdet, lønsområdet, innkjøp, drift, finans og salsområdet. (ref tabell på side 8 i revisjonen sin presentasjon). Kontrollutvalet bør nytte høve til å diskutere dette nærare på møte 1. november 2021.

Vedlegg

Revidert revisjons- og kommunikasjonsplan 2021 - Stranda kommune

KOMMUNIKASJONS- OG REVISJONSPLAN 2021

STRANDA KOMMUNE

KONTROLLUTVALGET 1. NOVEMBER

Tids- og kommunikasjonsplan

2

	mar 21	apr 21	mai 21	jun 21	jul 21	aug 21	sep 21	okt 21	nov 21	dec 21	jan 22	feb 22	mar 22	apr 22
Planlegging														
Interimsrevisjon														
Årsoppgjørrevisjon														
Revisjon av årsregnskapet														
Kommunikasjon														
Møte med kontrollutvalget							6.		1.		?		?	

Tids- og kommunikasjonsplan forts.

3

- **Planlegging**

Foreløpig risikovurdering og identifisering av fokusområde
Gjennomgang av og legge opp tidsplan for revisjon og rapportering
Fastsette revisjonsplan for fokusområdene
Presentasjon av revisjonsplan for administrasjonen og kontrollutvalg

- **Etterlevelseskontroll med økonomiforvaltningen**

Risiko- og vesentlighetsvurdering legges fram for kontrollutvalget
1. november

- **Interimsrevisjon – fra oktober**

Foreløpig analyse av kommunens regnskap
Møte med kommunens økonomi og regnskapsavdeling for å kartlegge samt løse identifiserte problemstillinger
Revisjon av nøkkelprosesser inkludert møter og intervju av prosesseierne for identifiserte fokusområder
Test av relevante kontroller (herunder generelle IT-kontroller)
Gjennomføre øvrige relevante revisjonshandlinger (fokus på transaksjonsklasser)
Møte med administrasjonen og kontrollutvalg, oppsummering interimsrevisjon – møte på i januar/ februar.

- **Årsoppgjørrevisjon**

Ferdigstille eventuelle åpne spørsmål identifisert under interimsrevisjonen
Påse at det ikke foreligger endringer i kommunens intern kontroll, der hvor disse er relevante for revisjonen
Gjennomføre øvrige relevante revisjonshandlinger, herunder avstemming av vesentlige og risikoutsatte balanseposter
Avsluttende analyse av kommunens finansielle rapportering
Foreløpig rapportering til ledelsen og kontrollutvalg

- **Revisjon av årsregnskapet**

Gjennomgang av regnskap og noter
Gjennomgang av årsmelding
Rapportering til ledelsen og gjennomgang med sekretariat – mai/juni
Møte med kontrollutvalg i mars/ april-møte 2022

- **Kommunikasjon**

PBC-lister (årsoppgjør) / oversikt avtaler (interim)
MRR-dagen og/eller Webinar
Revisjonsberetning og revisjonsrapporter
Møter med kontrollutvalg
Løpende uformell kommunikasjon ved behov

REVISJONSPLAN 2021

STRANDA KOMMUNE

Identifiserte risikoer 2020


- ▶ Selvkost (beregning av indirekte kostnader)
- ▶ Kvalitetssikring av årsregnskap og årsmelding
- ▶ Finansreglement
- ▶ Økonomi (lite handlingsrom gir økt risiko for feil)
- ▶ IT sikkerhet
- ▶ Budsjettavvik
- ▶ Skille mellom drift og investering (generell risiko)
- ▶ Kontrollmiljø momskompensasjon (generell risiko)

Vesentlighet

6

- ▶ Vesentlighetsbegrepet
 - ▶ Det nivået av feilinformasjon som vi tror vil påvirke beslutningene til politikerene
- ▶ Arbeidsvesentlighet
 - ▶ Lavere vesentlighetsgrense på områdene for at samlet feil ikke blir over vesentlighetsgrensen.
- ▶ Grense for rapportering
 - ▶ Mindre feil rapporterer vi ikke. Vi setter en beløpsgrense for feil vi rapporterer.
 - ▶ Misligheter rapporteres alltid.

EN FEIL ER IKKE EN FEIL!



Revisjon

- ▶ Kontrolltesting
 - ▶ Forutsetter en velfungerende internkontroll
 - ▶ Kan redusere risiko for større feil
 - ▶ Mindre arbeid for revisor, lavere revisjonshonorar

Foreløpig anslått risiko (før kontrolltesting)

Prosesser	Foreløpig anslått risiko for vesentlig feil informasjon
Rekneskapsrapportering	 Middels
Overføringsområdet	 Lav
Lønsområdet	 Lav
Innkjøpsområdet	 Middels
Driftsmiddelområdet	 Middels
Finansområdet	 Middels
Salsområdet	 Lav

Revisjonstilnærming - Regnskapsrapportering

Regnskapsrapportering

Angrepsvinkel: Test av kontroll og substanshandlinger

Risiko knyttet til:

- Økonomisk handlingsrom
- Tertialrapportering og offisielt regnskap
- Årsoppgjørdisponeringer/avslutning og strykninger
- Bruk av fond
- Budsjettjustering og budsjettavvik
- Generelle IT-kontroller

Middels anslått risiko (før kontrolltesting):

Alltid risiko for feil i forbindelse med regnskapsavleggelsen, flere manuelle posteringer og lite rutinemessig arbeid.

Test av kontroller (interim): (kommunens interne kontroll)

- Test av ledelseskontroller: Tertialrapportering
- Test av generelle IT-kontroller

Substanshandlinger: (kontroll av fakta mot dokumentasjon)

- Kontroll av årsoppgjørdisponeringer
- Regnskapsoversikter henger sammen
- Nødvendige noteopplysninger er utarbeidet
- Avstemming av kretsløp er foretatt (Egenkapital, arbeidskapital og anleggsmidler/langsiktig gjeld)
- Budsjettkontroll
- Kontroll av årsmeldingen
- Avsluttende analytiske kontroll

Revisjonstilnærming - Overføringer

Overføringsområdet

Angrepsvinkel: Substanshandlinger (analyser og detaljtester)

Risiko knyttet til:

Overføringsinntekter:

- Rammetilskudd (drift)
- Inntekts- og formuesskatt (drift)
- Eiendomsskatt (drift)
- Andre skatteinntekter (drift)
- Andre overføringer og tilskudd fra staten (drift)
- Tilskudd fra andre (inv)

Overføringsutgifter:

- Overføring og tilskudd til andre (drift)
- Tilskudd til andres investeringer (inv)

Lav anslått risiko (før kontrolltesting):

Overføringsinntekter består hovedsakelig av overføringer fra staten som kan totalavstemmes mot ekstern dokumentasjon. Eiendomsskatt kontrolleres analytisk mot årets forventning, tidligere års regnskap og årets budsjett. Andre overføringer kontrolleres mot dokumentasjon fra tilskuddsyter og/eller mot budsjett.

Overføringsutgifter kontrolleres i stor grad mot vedtak og/eller budsjett, samt analytisk kontroll med sammenligning mot budsjett og tidligere år.

Substanshandlinger:

- **Totalavstemming** av rammetilskudd og inntekts- og formuesskatt
- Analytisk kontroll av eiendomsskatt
- **Detaljtesting** av andre overføringsinntekter
- Analyser/detaljtester av overføringsutgifter

Revisjonstilnærming - Lønnskostnader

Lønnsområdet

Angrepsvinkel: Test av kontroll og substanshandlinger

Risiko knyttet til:

- Lønnskostnader
- Sosiale kostnader
- Pensjon

Lav/middels anslått risiko (før kontrolltesting):

Rutinemessige månedlige beløp for fast lønn. Noe mer komplekst (forsystemer, manuelle grunnlag etc.) for variabel lønn. Høyt volum/størrelse.

Test av kontroller (interim):

- Attestasjon og anvisning timer fra registreringssystem og manuelle timelister
- Attestasjon og anvisning av reiseregninger i Expense – og manuelle reiseregninger/utgiftsrefusjoner
- Etterkontrollerte lønningslister

Substanshandlinger:

- Analytiske kontroller
- Gjennomgang av **kontrolloppstilling** og øvrige innberetninger og avstemminger på lønnsområdet – herunder feriepenger, skattetrekk, arbeidsgiveravgift og sykepengerefusjoner
- Gjennomgang av **pensjonskostnad** med tilhørende balanseposter
- Krav på sykelønnsrefusjon - avstemming mellom HRM og regnskapssystem inkl vurdering av realisme av krav

Revisjonstilnærming - Innkjøp

Innkjøps / kostnadsområde

Angrepsvinkel: Test av kontroll og substanshandlinger

Risiko knyttet til:

- Kjøp av varer og tjenester (drift)
- Momskompensasjon
- Leverandørgjeld (bal)
- Annen kortsiktig gjeld (bal)

Middels anslått risiko (før kontrolltesting):

Stor grad av rutinemessige løpende transaksjoner. Tvungen attestasjons- og anvisningsrutine for inngående faktura, men fakturaene behandles på mange ulike enheter med varierende forståelse av kontrollrutinen.

Test av kontroller (interim):

- Kontroll av attestasjon og anvisning

Substanshandlinger:

- Analytisk kontroll
- Løpende kontroll av bilag i forbindelse med attestasjon på mva-kompensasjonsoppgavene.

Balanseposter:

- Avstemme leverandørgjeld mot reskontro, betalingskontroll av vesentlige gjeldsposter
- Kontrollere dokumentasjon for avsetning av annen kortsiktig gjeld

Revisjonstilnærming - Investeringer

Driftsmidler / investeringer

Angrepsvinkel: Test av kontroll og substanshandlinger

Risiko knyttet til:

- Investeringer i varige driftsmidler (inv) –
- Salg av varige driftsmidler (inv)
- Avskrivninger/motpost avskrivninger (drift)
- Bruk av lån/lovlig finansiering (inv)
- Skille mellom drift og investering

Middels anslått risiko (før kontrolltesting):

Stor grad av **rutinemessige** løpende transaksjoner. Tvungen attestasjons- og anvisningsrutine for inngående faktura.

Komplisert regelverk og **skjønnsmessige** vurderinger knyttet til skille mellom drift og investering øker risiko for vesentlige feil.

Test av kontroller (interim):

- Kontroll av attestasjon og anvisning

Substanshandlinger:

- **Oppfølging av de største investeringsprosjektene**
- Avstemme anleggskartotek mot hovedbok
- Vurdering av **levetid/ avskrivningstid** inkl dekomponering
- Vurdere vesentlige tilganger opp mot KRS 4 (skille drift/investering - interim). Løpende bilagskontroll i forbindelse med attestasjon på kompensasjonsoppgavene (samt attestasjon prosjektregnskap)

Revisjonstilnærming - Finansområdet (res)

Finansområdet (res)

Angrepsvinkel: Test av kontroll og substanshandlinger

Risiko transaksjonsklasser:

- Renteinntekter og renteutgifter (drift)
- Avdrag på lån (drift)
- Utbytter (drift)
- Gevinster og tap på finansielle omløpsmidler (drift)
- Investering i aksjer og andeler (inv)
- Salg av finansielle anleggsmidler (inv)
- Utlån av egne midler (inv)
- Avdrag på lån (inv)
- Utdeling fra selskaper (inv)

Middels anslått risiko (før kontrolltesting):

Finansområdet er sammensatt av mange transaksjonsklasser med ulike risikovurdering.

Test av kontroller (interim):

- Bankavstemming
- Dobbel godkjenning av betalingstransaksjoner
- Behandling av eierskapsmelding

Substanshandlinger:

- Påse at balanse- og resultatposter stemmer med eksterne bekreftelser (bank, rente, aksjer, utbytte etc.) Vurdere verdsettelse, klassifisering og avkastning.
- Kontrollere vesentlige tilganger/avganger av aksjer

Revisjonstilnærming - Finansområdet (bal)

Finansområdet (bal)

Angrepsvinkel: Test av kontroll og substanshandlinger

Risiko balanseposter:


- Bankinnskudd og kontanter
- Aksjer og andeler
- Andre finansielle plasseringer
- Fond
- Kapitalkonto
- Gjeld til kredittinstitusjoner
- Annen gjeld (obligasjons- og sertifikatlån)
- Utlån
- Ubrukte lånemidler

Substanshandlinger (forts):

- Påse at gjeld og utlån er i henhold til **eksterne bekreftelser**
- Etterberegning av **minimumsavdrag**
- Påse at **kretsløpavstemmingene** henger sammen (herunder kapitalkonto)
- Kontrollere vesentlige bevegelser på fondskonti

Revisjonstilnærming - Salg

Salgsområdet	Angrepsvinkel: Substanshandlinger (analyser og detaljtester)
Risiko knyttet til: • Salgs- og leieinntekter (drift) • Kundefordringer (bal) • Andre kortsiktige fordringer (bal) • Ordinær merverdiavgift • Selvkost	Lav anslått risiko: Stor grad av <u>rutinemessige</u> løpende transaksjoner. Presumpsjon tilknyttet mislighetsrisiko tilbakevises <u>Substanshandlinger:</u> • Analytisk kontroll og/eller detaljtester <i>Balanseposter:</i> • Aldersfordelt reskontro kundefordringer/andre kortsiktige fordringer (vurdere tapsavsetning, innbetalingskontroll, eksterne bekreftelser) • Totalavstemming av ordinær merverdiavgift



“

Vi skal bidra til økt tillit mellom
innbyggerne og våre
eierkommuner

”

- Møre og Romsdal Revisjon SA

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 22/21	Stranda kontrollutval	01.11.2021

Forenkla etterlevelsesskontroll 2021 Stranda kontrollutval

Tilråding til vedtak:

Stranda kontrollutval tek framlagte plan for etterlevelsesskontroll 2021 til vitande.

Bakgrunn:

Formålet med forenkla etterlevelsesskontroll etter kommunelova, er innanfor ei avgrensa ressursramme å førebygga svakheiter og bidra til å sikra at kommunen følgjer sentrale avgjerder og vedtak på økonomiområdet. Dette bygger opp under god økonomiforvaltning, openheit og tillit til forvaltningspraksis.

Revisor skal innhenta tilstrekkeleg informasjon til å vurdere om det gjeld brot på lover, forskrift eller vedtak, der brotet er av vesentleg tyding for økonomiforvaltninga. Revisor identifiserer område i økonomiforvaltninga der det er størst behov for at avgjerder og vedtak blir følgt opp og der brot på avgjerder/vedtak får størst konsekvensar. Revisor skal seinast 30. juni 2022 avgi ei skriftleg utsegn til kontrollutvalet, med kopi til kommunedirektøren om resultatet av kontrollen.

Etterlevelsesskontrollen for rekneskapsåret 2020 hadde fokus på sjølvkost. Her blei det avdekt at Stranda kommune sine rutinar for berekning ikkje var i samsvar med føreskriftene. Dette valde Stranda kontrollutval å rapportere til kommunestyret. For rekneskapsåret 2021 har revisjonen vald å sjå nærare på finansforvaltning.

Vurdering:

Oppdragsansvarleg revisor Kathrin Haram vil i møte 1. november 2021 gi kontrollutvalet ei orientering og presentere planar for etterlevelsesskontrollen.

Vedlegg

Presentasjon av forenkla etterlevingskontroll 2021 - Stranda kommune

Forenklet etterlevelseskontroll 2021


Kontrollutvalget Stranda kommune

1. NOVEMBER 2021

Forenklet etterlevelseskontroll

2

- ▶ Hjemmel i Kommuneloven
- ▶ Standard RSK 301 Forenklet etterlevelseskontroll med økonomiforvaltningen.
- ▶ Risiko- og vesentlighet
- ▶ Rapport om resultatet av kontrollen, innen 30. juni



Risiko- og vesentlighetsvurdering

3

Utførte kontroller tidligere år:

- ▶ 2019 – Tilskudd til private barnehager
- ▶ 2020 - Selvkost


Risiko- og vesentlighetsvurdering

Forhold som påvirker valg av område for kontroll:

- ▶ Risiko for brudd på lov, forskrift eller vedtak
- ▶ Vesentlighet
- ▶ Ressurssvake grupper rammes
- ▶ Enkeltvis mindre brudd som gjelder mange
- ▶ Områder som ikke naturlig faller inn i den ordinære revisjonen

Risiko- og vesentlighetsvurdering forts.

5



Valg av risikoområde - Finansforvaltning

6

- ▶ **Hvorfor?**
- ▶ **Risiko**
 - ▶ for at kommunens midler blir forvaltet feil.
- ▶ **Kvalitativ vesentlighet**
 - ▶ beløpsmessig betydning for kommunen
 - ▶ potensielt omdømmetap

Revisjonskriterier

7

Utvalgte kriterium for kontroll:

- ▶ Etterlever kommunen de etablerte reglement og rutiner for gjelds- og finansforvaltning.

Kilde for kriterium:

- ▶ Forskrift om garantier og finans- og gjeldsforvaltning i kommuner og fylkeskommuner
- ▶ Kommunens skriftlige rutiner og retningslinjer på området.

Oppsummering

8

Basert på risiko- og vesentlighetsvurdering, velges kommunens **finansforvaltning**

En skriftlig uttalelse til kontrollutvalget om resultat av kontrollen, med kopi til kommunedirektøren, vil bli oversendt kontrollutvalget i løpet av høsten/våren og i god tid innen fristen (30. juni 2022).

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 23/21	Stranda kontrollutval	01.11.2021

Møteplan 2022 Stranda kontrollutval

Tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet i Stranda kommune vedtar følgende møter for kalenderåret 2022:

tysdag 8. februar, tysdag 29. mars , onsdag 1. juni, onsdag 7. september, onsdag 2. november

Bakgrunn:

Det er viktig å sørge for at kontrollutvalet har tilstrekkeleg med møte, slik at utvalet kan utføre og følge opp dei oppgåver som er naudsynte for å sikre forsvarleg kontroll og tilsyn.

Ein bør unngå at det går så lang tid frå eit møte til det neste at sakene som kjem opp mistar sin aktualitet.

Vurdering:

Sjølv om mindre kommunar handsamar færre saker enn større kommunar, er det likevel faste oppgåver gjennom året og valperioden som gjer det naturleg at kontrollutvalet har eit minimum av møte.

Det kan også være aktuelt med møte i tillegg til møteplanen om situasjonen krev det.

Det å ha ein møteplan sikrar forutsigbarhet og gjer at innbyggjarar og politikarar lettare kan følge arbeidet til kontrollutvalet. Møteplanen vert kunngjort på kontrollutvalet si heimeside og med lenkje på kommunen si heimeside.